



Berit Harriet med juletre for sal eit tidlegare år.

Folk spør om Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland har julegransal i år som dei einaste i bygda og svaret er både ja og nei. Dei har sal berre hvis kundane går og forsyner seg sjølve. etter å ha meldt frå til eigarane av trea som står på Silkebærhaugen under høgspentlinja. Dei to har rett og slett ikkje hatt tid til å organisera noko dette året. Det er no rundt rekna 15 år sidan dei selte juletre fyrste gongen.

- Eg vil også be om at dei som kjem til 'plantasjen' ikkje ventar for mykje. Utvalet av juletre er ikkje all verden lenger og nokre er rett og slett iferd med å bli for store, fortel Berit Harriet.

- Kor fine og vellukka juletre er avheng i stor grad av auga som ser og folk er jo ikkje alltid samde om kor fint eit tre er, legg ho til. Heldigvis er også ein ny generasjon av tre på tur og ho utelukkar ikkje at det kan bli organisert sal att.

Det er i alle tilfeller ingen stor operasjon å hogge juletre på området, som ligg bere 200-300 meter frå vegen.

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen